

Fitjar kommune

Detaljregulering Sandvikvåg næringspark

Plan-ID: 202202

Planprogram



Dronefoto: John Arvid Skumsnes/kunstivest.no

Datert: 07.10.2022

Revidert til høyring: 28.10.2022

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL	3
1.2	GJELDANDE PLANSTATUS	5
1.3	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	7
2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	8
2.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	8
2.2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	8
3	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	9
4	UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR	10
4.1	NÆRINGSUTVIKLING OG SAMFUNNSVERKNAD	10
4.2	STRANDSONE, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ, INKLUDERT BARN OG UNGE	11
4.3	LANDSKAP	12
4.4	NATURMANGFALD	13
4.5	FORUREINING	13
4.6	GRUNNFORHOLD OG NATURRESSURSAR	14
4.7	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	14
4.8	FISKERI, FARLEI OG FERDSEL	15
4.9	TEKNISK INFRASTRUKTUR	15
4.10	RISIKO OG SÅRBARHEIT	16
5	UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING	17
5.1	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	17
5.2	UTGREIINGSTEMA OG -METODE	17

1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Sandvikvåg næringspark AS.

Prinsippøknad for å melde oppstart av reguleringsplanarbeidet vert handsama parallelt med planprogrammet. Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram vert annonsert i avisa Sunnhordland, samt på nettsida til Fitjar kommune og ABO Plan & Arkitektur.

Merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord

eller elektronisk til: **poststord@abo-ark.no** eller **haga@abo-ark.no**

1.1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av eit kraftsenter for grøn energi og blå vekstnæringar, ettersom arealet ligg særst sentralt til sjøvegs så vel som landevegs. Det vert naudsynt å vidareutvikle næringsarealet som er avsett i kommuneplanen mot nord og aust, her medrekna etablering av kaiareal med utfylling i sjø. Ein vil elles ta utgangspunkt i kommuneplanens arealdel. Planen vil såleis leggja til rette for næringsverksemd frå E39 og ned til sjø, inkludert utfylling i sjø, etablering av kai og hamneverksemd i sjøareala.

Hovudføremål med ny plan	Næringsføremål, hamneområde i sjø og kai
Planområdets storleik	Om lag 608 daa
Aktuelle problemstillingar	Tilkomst, strandsone, terrengtilpassing, utforming av næringsområde
Krav om konsekvensutgreiing	Ja
Politisk prinsippavgjersle	26.10.2022
Oppstartsmøte	22.09.2022
Godkjenning av oppstart	26.10.2022
Handsaming av planprogram og varsel om oppstart	26.10.2022


Utviklinga av området er ønska i frå kommunen, ettersom storparten av dei kommunale næringsareala no er i ferd med å utviklast. Det er difor behov for å starte arbeidet med å etablere nye næringsareal snarleg. Det er òg fleire større prosjekt som er i oppstartsfasen i kommunen og i regionen, som vil generere ringverknadar kommunen ønskjer å vera førebudd på. Ein har såleis ikkje høve til å avvente oppstart av arbeidet til kommande rulling av kommuneplanen sin arealdel er starta opp eller ferdigstilt. Ein ser potensiale i dette næringsområdet ettersom det ligg til E39 og etablert ferjekai, samstundes som det i framtida vil vera kort veg til ev. ny bru til Tysnes (framtidig trasé E39, Hordfast). Arealet ligg òg til hovudlei i Langenuen og bilei Selbjørnsfjorden, med stor skipstrafikk dagleg. Den sentrale plasseringa, der ein samstundes har få naboar (om lag 50 meter til næraste fritidsbustad, og om lag 300 meter til næraste fastbuande), er såleis høveleg for ein noko tyngre næringsverksemd, t.d. industri, lager, akvakulturanlegg, logistikkverksemd og hamneverksemd. Det er i frå før starta opp eit reguleringsplanarbeid for eit steinbrot i området lenger søraust.

Sandvikvåg Næringspark AS har p.t. inngått avtalar med NorSea Group og Hydrogen Solutions (HYDS) om utvikling, drift og etablering av næringsparken. NorSea skal ta del i utviklinga og er tiltenkt rolla som drivar av industriparken, medan HYDS ønsker å etablere produksjon av grønt hydrogen. Etter at dette vart kjent i august 2022 er det fleire aktørar som har meldt si interesse.

NorSea eig strategisk infrastruktur i form av ni forsyningsbasar og hamneanlegg i inn- og utland, og er ein komplett leverandør av hamnetenester, base- og logistikk-løysingar til kundar innan olje- og gassindustrien, offentleg verksemd, havbruksnæringa, vindindustrien og andre maritime næringar. HYDS vurderer ulike alternativ for hydrogensatsinga i området, der dei ser på moglegheitene for å etablera både produksjon, lagring og distribusjon av grønt hydrogen. Sandvikvåg er svært godt eigna for distribusjon både til den maritime næringa, industrien, og tungtransporten på land, og dei ser på løysingar for ein energiterminal. I tillegg vil biprodukt frå hydrogenproduksjonen, som t.d. oksygen og spillvarme, kunne nyttast av verksemdar i planområdet. Dette vil bidra til å redusera utslepp og gi parken ein grøn profil.

Saman ønskjer dei å skapa eit kraftsenter for grønt energi og blå vekstnæringar. Med si sentrale lokalisering er det særleg fire næringar som er aktuelle for næringsparken: olje og gass, havvind, akvakultur og hydrogen. Noreg har ein ambisjon om å bygga ut 30 GW havvindkraft innan 2040, og ønskjer ein kraftig vekst i produksjonen til havbruksnæringa innan 2050 – der mykje av veksten må skje i form av oppdrett ute til havs og på land. For å realisera alle prosjekta og skapa den ønska veksten i havnæringane, er det eit stort behov for infrastruktur med tilgang til sjø. I dag er det mangel på slike areal i Sunnhordland og Sandvikvåg Næringspark vil derfor utgjera ein viktig tilvekst.

Aktørane estimerer at med dei kjende planane for det nye næringsområdet kan ein skapa mellom 40-50 faste arbeidsplassar i første omgang. Då er det berre rekna inn arbeidskraft som trengst til hydrogenproduksjon og -distribusjon, hamneaktivitetar og eit landbasert oppdrettsanlegg. Sysselsetting frå dei andre tomtene i planområdet og prosjektrelaterte arbeidsplassar er ikkje med i kalkylen, og ein ser føre seg om lag 100-150 arbeidsplassar på lang sikt.



Figur 1 Skisse over mogleg utvikling av området


Både bedrifter/prosjekt og kommunane i området har behov for stein frametter, og kvaliteten på steinmassen i området skal vera god. Ein ønskjer difor å ta ut massane når ein etablerer nærings- og industriområdet, slik at ein får nytta ressursane best mogleg. Det er òg behov for stein av god kvalitet andre stader i landet/utlandet, og ved å skipe steinmassane ut via ny kai vil ein samstundes bidra til overordna mål om auka gods

frå veg til sjøtransport, for å minka klimagassutsleppa. Det vert difor lagt til rette for at fleire skip og flytande konstruksjonar kan liggje til kai samstundes, noko som gir storleiken/lengda på utfylling og kai. Dette vil òg vera tilfelle ved vanleg drift i næringsområdet.

Det vil setjast av areal til næringsbygningar, der ein samstundes planlegg for utfylling i sjø og etablering av kai. Tilkomst er tenkt i frå E39. Ein planlegg for tyngre næringsverksemd, som vil kunne bety større/høge bygningar, samt støyande verksemdar og verksemdar med andre typar forureiningar (t.d. lukt). Hydrogen og biogass er omfatta av regelverk knytt til handtering og tryggleik rundt anlegg med brannfarlege, reaksjonsfarlege, trykksatte og eksplosjonsfarlege stoff, der Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) er mynde. Det skal setjast arealmessige avgrensingar (ytre, midtre og indre sikkerheitssone) som følgje av dette.

1.2 Gjeldande planstatus


I kommuneplanens arealdel er delar av arealet synt som næringsverksemd (framtidig), medan resterande areal er avsett til LNF (noverande). Det er synt faresone H310_15 Ras- og skredfare i området, og langs sjø er det synt omsynssone H550 Landskap; funksjonell strandsone. Allereie regulerte område langs E39 er synt som omsynssone Reguleringsplan skal fortsatt gjelde. I sjø er det synt kombinerte føremål FFNF (Fiske, ferdslsle, natur- og friluftsområde) og NF (Natur og friluftsområde).




Figur 2 Utsnitt gjeldande kommuneplan for Fitjar kommune. Figur 3 Lokalisering av planområdet på Sandvikvåg.

Areal som er planlagt for næringsparken er ikkje omfatta av detaljreguleringsplan. Tilgrensande areal for Sandvikvåg ferjekai og E39 er regulert i følgjande reguleringsplanar, som dels vil bli oppheva ved vedtak av ny plan:


- E39 Engevik – Sandvikvåg (planID 4615_201301)
- Sandvikvåg ferjekai (planID 4615_200502)
- E39, Vistvik - Sandvikvåg ferjekai (planID 4615_200205)
- Rv 545, Skogabrekko - Rv1 Sandvikvåg (planID 4615_199602)



Figur 4 Utsnitt E39 Engevik – Sandvikvåg (planID 4615_201301)



Figur 5 Utsnitt E39, Vistvik - Sandvikvåg ferjekai (planID 4615_200205)



Figur 6 Utsnitt Sandvikvåg ferjekai (planID 4615_200502)




Figur 7 Utsnitt Rv 545, Skogabrekko - Rv1 Sandvikvåg (planID 4615_199602)

Ein har innlemma deler av desse arealplanane i reguleringsplanen for å sikre areal til tilkomst. Ein tek ikkje sikte på å røre ved eksisterande vegsystem elles, sjølv om areal er innlemma i planområdet.

1.3 Lokalisering og planavgrensning

Planområdet ligg på Sandvikvåg i Fitjar kommune, like søraust for Sandvikvåg ferjekai. Planområdet inkluderer dels E39 for å sikre vegtilkomst, og strekk seg ut i sjø for å leggje til rette for etablering av kai med tilhørande fylling. Området består i dag i all hovudsak av lausvass. Det er ikkje etablert bygningar eller tiltak i planområdet, med unntak av E39 og anlegg tilknytt Sandvikvåg ferjekai. Det er nokre gamle steingardar og tufter i området.

Planområdet er 607,9 daa, og omfattar gbnr. 78/1, 2, 3, 4, 22, 26 og gbnr. 79/1 og 18. I kommuneplanen er det sett av om lag 75 daa næringsareal. Dette vert utvida til om lag 140 daa i framlegg til reguleringsplan. Som skrivne over har ein tatt med større areal langs E39 enn det som er naudsynt, slik at ein kan vurdere ulike tilkomstalternativ i planprosessen. Dette vil gjerast i tett dialog med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Det er òg teke med eit stort areal i sjø, om lag 350 daa, for å sikre areal til fyllingsfot, og til manøvrering av store konstruksjonar til kai. Arealet vil mest truleg reduserast i løpet av planprosessen. For å sikre fyllingsfot mot sør og nord er det teke med eit større areal enn naudsynt, både på land og i sjø. Dette arealet vil òg truleg reduserast.



Figur 8 Planavgrensning

2 Planprosess og medverknad

2.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og KU. Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017). Ein har ikkje klar alle aktørar eller verksemder p.t., men ein planlegg for tyngre næringsverksemd, som t.d. masseuttak, akvakultur på land, hamneverksemd og hydrogenproduksjon- og distribusjon, som vil kunne bety støyande verksemder, brann/eksplosjonsfare, verksemder med andre typar forureiningar (t.d. lukt) m.v. Planen vil såleis kunne omfatte tiltak lista opp i forskrift om konsekvensutgreiing sitt vedlegg I, og vi vurderer difor at reguleringsplanen kjem inn under § 6b i forskrift om konsekvensutgreiingar:

§6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding.

b) Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen

Planframlegget kan koma inn under følgjande tiltak i Vedlegg I:

- 6. b) Integreerte kjemiske installasjonar dvs. anlegg for framstilling i industriell målestokk av stoff ved hjelp av kjemiske omdanningsprosessar, som er berekna på framstilling av uorganiske basiskjemikalier (hydrogen, biogass)
- 8. b) Nyetablering av hamner og hamneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe
- 10. Avfallsanlegg for handsaming av hushaldnings- og næringsavfall ved forbrenning eller kjemisk handsaming med ein kapasitet på meir enn 100 tonn per dag (mindre anlegg omfattast av vedlegg II)
- 19. Uttak av malm, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre massar dersom minst 200 daa samla overflate blir rørt, eller samla uttak omfattar meir enn 2 millioner m³ masse (mindre tiltak omfattast av vedlegg II)
- 21. Lagringsanlegg for olje eller petrokjemiske eller kjemiske produkt med kapasitet på 200.000 tonn eller meir

Det vert ikkje planlagd for bygg med BRA over 15.000 m², jf. punkt 24. Planen vil vera omfatta av forskrifta sin § 6 Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding og konsekvensutgreiing. Ein tek sikte på å leggje ut planprogram til offentleg ettersyn saman med varsel om oppstart.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med KU. Føremålet med KU er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. KU skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår med avbøtande tiltak.

2.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspart, samt vil nærliggjande grunneigarar verta varsla direkte i brev form. Andre vil verta varsla om planarbeidet via kunngjering i avis.

Ein vil undervegs i planarbeidet vurdere å gjennomføre ope folkemøte og elles ytterlegare medverknad og prosess. I samband med varsel om oppstart vil ein halde eige møte med naboar til planområdet. Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram vert saman med varsel om oppstart lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

Førebels tidsplan

Prinsippøknad	september 2022
Planprogram	oktober 2022
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	oktober – november 2022
Vedtak planprogram	desember 2022
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	vinter/vår 2023
Høyring planforslag, og ope høyringsmøte	sommar/haust 2023
Vedtak	haust 2023

3 Føringer og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

Nasjonale og regionale føringer og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional planstrategi for Hordaland 2016 - 2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 (under revisjon, planprogram 2022-2027)
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional transportplan for Hordaland 2018-2029
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Lokale føringer og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040
- Kommuneplanen sin arealdel, 2012

- Trafikktryggingssplan 2021-2031 (høyringsversjon)
- Risiko og sårbarheitsanalyse ROS, Stord og Fitjar. 2014
- Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030
- Landbruksplan Stord og Fitjar 2018
- Kulturminneplan 2015 - 2025

4 Utfordringar og sentrale problemstillingar

Utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet vert gjort greie for her. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar.

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa.

4.1 Næringsutvikling og samfunnsverknad

Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i regionen, og i Fitjar kommune. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland. Tilrettelegging for nye sjøtilknytte næringsareal på Sandvikvåg vil såleis bidra positivt til å vidareutvikla og sikre grøn næringsutvikling i kommunen og regionen. Næringsareala som det vert lagt til rette for vil kunne medverke positivt til fleire arbeidsplassar i kommunen og i regionen.

Utviklinga av området er ønska i frå kommunen, ettersom storparten av dei kommunale næringsareala no er i ferd med å utviklast. Det er difor behov for å starte arbeidet med å etablere nye næringsareal snarleg. Det er òg fleire større prosjekt som er i oppstartsfasen i kommunen og i regionen, som vil generere ringverknadar kommunen ønskjer å vera førebudd på. Ein har såleis ikkje høve til å avvente oppstart av arbeidet til kommande rulling av kommuneplanen sin arealdel er starta opp eller ferdigstilt. Ein ser potensiale i dette næringsområdet ettersom det ligg til E39 og etablert ferjekai, samstundes som det i framtida vil vera kort veg til ev. ny bru til Tysnes (framtidig trasé E39, Hordfast). Arealet ligg òg til hovudlei i Langenuen og bilei Selbjørnsfjorden, med stor skipstrafikk dagleg. Den sentrale plasseringa, der ein samstundes har få naboar (om lag 50 meter til næraste fritidsbustad, og om lag 300 meter til næraste fastbuande), er såleis høveleg for ein noko tyngre næringsverksemd, t.d. industri, lager, akvakulturanlegg, logistikkverksemd og hamneverksemd. Det er i frå før starta opp eit reguleringsplanarbeid for eit steinbrot i området lenger søraust.

Aktørane estimerer at med dei kjende planane for det nye næringsområdet kan ein skape mellom 40-50 faste arbeidsplassar i første omgang. Då er det berre rekna inn arbeidskraft som trengst til hydrogenproduksjon og -distribusjon, hamneaktivitetar og eit landbasert oppdrettsanlegg. Sysselsetting frå dei andre tomtene i planområdet og prosjektrelaterte arbeidsplassar er ikkje med i kalkylen, og ein ser føre seg om lag 100-150 arbeidsplassar på lang sikt.

Både bedrifter/prosjekt og kommunane i området har behov for stein frametter, og kvaliteten på steinmassen i området skal vera god. Ein ønskjer difor å ta ut massane når ein etablerer nærings- og industriområdet, slik at ein får nytta ressursane best mogeleg. Det er òg behov for stein av god kvalitet andre stader i landet/utlandet, og ved å skipe steinmassane ut via ny kai vil ein samstundes bidra til overordna mål om auka gods frå veg til sjøtransport, for å minka klimagassutsleppa. Det vert difor lagt til rette for at fleire skip og flytande konstruksjonar kan liggje til kai samstundes, noko som gir storleiken/lengda på utfylling og kai. Dette vil òg vera tilfelle ved vanleg drift i næringsområdet.

Det vil setjast av areal til næringsbygningar, der ein samstundes planlegg for utfylling i sjø og etablering av kai. Tilkomst er tenkt i frå E39. Ein planlegg for tyngre næringsverksemd, som vil kunne bety større/høge bygningar, samt støyande verksemdar og verksemdar med andre typar forureiningar (t.d. lukt). Hydrogen og biogass er omfatta av regelverk knytt til handtering og tryggleik rundt anlegg med brannfarlege, reaksjonsfarlege, trykksette og eksplosjonsfarlege stoff, der Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) er mynde. Det skal setjast arealmessige avgrensingar (ytre, midtre og indre sikkerheitssone) som følgje av dette.

4.2 Strandsoner, friluftsliv og nærmiljø, inkludert barn og unge


Planområdet ligg i strandsona, og omfattar 100-metersbeltet mot sjø, jf. forbodet mot tiltak langs sjø i plan- og bygningslova. Fitjar kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som *kommuner med mindre press på areala*. Byggeforbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve.

I regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er aktuelt sjøareal synt som Sjø og vassdrag generelt, eks. AK. Føresegnene gir at dette er område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag utan akvakultur skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte.

Det sjønære arealet er òg omfatta av omsynssone for landskap (funksjonell strandsoner) i gjeldande kommuneplan. Føresegnene gir at;


Omsynssona tilsvarar kartlagt funksjonell strandsoner der strandsoneverdiar skal ivaretakast. Viktige ferdselskorridorar, badeplassar og siktliner til sjø skal ikkje byggjast ned. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og vidareutviklast. Nye tiltak skal som hovudregel ikkje lokaliserast nærare sjø enn eksisterande tiltak. Funksjonell strandsoner skal vere førande for fastsetjing av ny byggjegrænse gjennom detaljplan.

Strandsonerkartlegginga gjennomført av Akvator i 2010 syner at strandsona her er inngrepsfri. Strandsona i planområdet er synt som potensielt tilgjengeleg strandsoner, som vil seie arealet i strandsona ikkje er bygningnært, ikkje er dyrka mark eller vegareal. Like vel er det meste av strandsona her synt med veldig stor helling (>25 grader), som er definert som for bratt for ferdsle.



Figur 9 Utsnitt Naturbase; potensiell tilgjengeleg strandsoner

Det er ikkje registrert, eller kjent, at området vert mykje brukt til friluftsliv, eller at det er interesser knytt til barn og unge innanfor planområdet. Det er ikkje kartlagde friluftsområde i planområdet, men det ligg eit like aust; Færøysundet (ID: K00019-823), som er av områdetype Særleg kvalitetsområde. Området er beskrevet som Gamal handelstad med historisk interesse. Godt bevart bygningsmasse, hummerpark i området. God naturhavn, utleie av feriebustad, gammalt kulturlandskap.



Figur 10 Utsnittplanavgrensing i Naturbase

I eit folkehelseperspektiv er det viktig å leggja til rette for fysisk aktivitet og at terskelen for å delta er låg. Planen sitt føremål er tyngre næringsverksemdar, og det vil såleis vera mindre aktuelt med slike føremål i planen. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og strandsoner, samt tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiskeområde. Verknaden for folkehelse, barn og unge, inkludert tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiskeområde skal vurderast i planen.

Det vil bli gjennomført kartlegging av strandsoneverdiane som del av planarbeidet, der forhold til tema landskap, friluftsliv og naturmangfald særleg skal belyst. Relevante punkt som skal leggjast til grunn i 100-metersbeltet langs sjø skal utgreiast i planarbeidet. Verknader for naboar og nærområde av etablering av næringsområde skal utgreiast i planarbeidet.

4.3 Landskap

Aurland naturverkstad har utført ei verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, med utgangspunkt i Nasjonal referansesystem for landskap. Planområdet er ein del av landskapstypen *Brede fjordløp og opne fjordmunningsar*, og er ein del av området *Fitjarvika*, som er vurdert å inneha middels verdi (verdi 3, vanleg førekomande landskap i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt).

Deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø, og strandsona i området er urørt. Det er innsyn til området frå sjøsida i aust og nord. Planområdet er elles lite synleg i frå landsida, då busetnad i nærleiken er vendt austover og vekk i frå planområdet. Næringsområdet vil bli synleg frå ferjekaiområdet og E39.

Store deler av området vil bli transformert frå dagens situasjon med urørt naturområde til nytt næringsområde. Deler av området vil verte planert ned til kainivå, der ein i planarbeidet må vurdere tilpassing av planerings- og byggehøgder, og utforming av uteområda og materialbruk.

Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Landskapsmessige verknadar av planen skal skildrast i planframlegget. Dette skal gjerast mellom anna ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv.

4.4 Naturmangfald

Området består i dag av lauvskog. Området er sterkt påverka av E39 og Sandvikvåg ferjekai, men det er ingen andre etablerte tiltak i området.

Det er ingen registreringar av prioriterte artar eller utvalde naturtypar med særskilt vern etter naturmangfaldlova i planområdet. Like nord for planområdet er det ein registrert naturtype etter Miljødirektoratet si handbok 13; Sandvikvåg aust (BN00042292), Nordvendt kystberg og blokkmark. Naturtypen er vurdert som svært viktig. På Færøya, som ligg like aust for planområdet, er det registrert ein naturtype kystlynghei, vurdert som viktig. Sjå utsnitt i frå Naturbase i figur 10 over.

I planområdet er det registrert ærfugl (sårbar, VU, i Norsk rødliste for artar 2021), fagerrogn (nær trua, NT, i rødlista), ask (sterkt trua, EN, i rødlista), villeple (VU i rødlista), kystprikklav (VU i rødlista), rundprikklav (VU i rødlista) og kystblåfyllav (NT i rødlista). Det er òg registrert ei rekkje artar som er vurderte som livskraftige (LC i rødlista). Framandarten Gyvel er registrert i området, som har særleg høg risiko (stort invasjonspotensiale og høg økologisk effekt).

I Pollen, sjøområdet lenger sør, er det registrert vanleg ålegras og knoppsvane (LC i rødlista). Det er ingen andre registreringar av naturmangfald i sjø. Det er ingen registrerte gyteområde eller oppvekst – beiteområde, låssettingsplassar, fiskeplassar, rekefelt, korallrev eller skjellførekomstar i området. Det er registrert ein låssettingsplass aust for planområdet, i Færøysundet.

Sjøområda er ein del av kystvassførekomsten Langenuen, som er registrert med moderat økologisk tilstand i Vann-nett, truleg grunna diffusavrenning og utslepp i frå fiskeoppdrett. Det er ingen risiko, og ein forventar at ein oppnår miljømåla (kjemisk og økologisk).

Ei utvikling av området til næringsareal, inkludert utfylling i sjø, vil medføre større verknader på naturmangfaldet i området. Sentrale tema vil vera arealbeslag og verknad på naturmangfald både på land og i sjø. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø, og naturmangfald er tema i konsekvensutgreiinga. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12.

4.5 Forureining

Forureining i form av støy, støv og lys er viktige problemstillingar for folkehelsa og nærmiljøet. Planen vil opne for maritime og marine verksemder med ny kai og hamneområde i sjø. Hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgnnet, og støy frå hamneverksemder kan vera ein utfordring for nærliggande område. Planarbeidet må sikre tilstrekkeleg avstand mellom nye verksemder og busetnad, samt legge føringar for nærings-


aktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad. Tilhøve knytt til anleggsarbeid, sprenging og knusing av stein skal belyst i planarbeidet. Potensiale for forureining i området i anleggs- og driftsfasen skal utgreiast.

4.6 Grunnforhold og naturressursar

I følge NGU sitt berggrunnskart består heile planområdet og områda rundt av metagabbro. I følge lausmassekartet til NGU består planområdet av bart fjell. Denne kategorien er brukt om område som stort sett manglar lausmassar, der meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen. Planområdet er registrert med moderat til låg aktsemdsgrad for radon.

I NIBIO sitt Gardskart er det ikkje synt innmarksbeite på arealet. Det er synt 3,1 daa fulldyrka jord, samt open fastmark, uproduktiv skog og produktiv skog (blandings- og lauvskog) med grunnlendte grunnforhold. Det er synt 5,8 daa overflatedyrka jord, som vart omdisponert i kommuneplanen sin arealdel.

Utbygging av området vil medføre tap av 3,1 daa fulldyrka jord, samt overflatedyrka jord og blandings- og lauvskog, og verknader for naturressursar skal skildrast. Verknadar av planen for naturressursar vert tema i konsekvensutgreiinga.



Figur 11 Utsnitt AR5, NIBIOs Kilden

4.7 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte kulturmiljø i planområdet. Det er nokre gamle steingardar i området, som ein ønskjer å ta i vare eller reetablere i området. Like utanfor planområdet i nord ligg det eit automatisk freda kulturminne; eit busettings-aktivitetsområde i frå før-reformatisk tid (ID 16131). Det er òg her to enkeltminne (heller; ID16131-1 og 2). Det er to SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet; ei uteløe med flor (1222-0004-100) og eit smalehus (1222-0004-101). Begge desse er i frå 1800-talet, og synt der det i dag er etablert parkeringsplass. Utanfor planområdet, i Levågen, er det tre registrerte SEFRAK-bygg; ei sjøbu (notbu) 1222-0004-096, eit naust (1222-0004-097) og ei uteløe (1222-0004-095). Alle i frå 1800-talet.

Det er heller ikkje registrert automatisk freda kulturminne i sjø. Planframlegget vil skildra verknader for kulturminne og kulturmiljø.

4.8 Fiskeri, farlei og ferdsl


Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i sjøområda innanfor planområdet, eller i nærleiken. Det er ingen gyteområde eller oppvekst – beiteområde, fiskeplassar, rekefelt, korallrev eller skjellførekomstar i området. Det er ikkje låssettingsplass innanfor planområdet, men det er registrert ein i Færøysundet. Det ligg ikkje akvakulturanlegg i planområdet, og det næraste anlegget er Engesund Fiskeoppdrett sitt anlegg Fossvik. Her er det registrert m.a. Butare, Fingertare, Havsalat, Stortare og Sukkertare (oppdrett).

Planframlegget vil skildre verknader for fiskeri og akvakulturinteresser.

Hovudleia Langenuen går like aust for planområdet, like nord går bileia Sandvikvåg-Langenuen og nordvest går bileia Innseilingen Selbjørnsfjorden.

Planframlegget vil medføre auka trafikk på sjø med grunnlag i fleire aktørar i området, samt at planen vil opne for ny kai og hamneområde i sjø. Areal til kai og hamneområdet i sjø skal synleggjerast i planarbeidet, og fartøy må sikrast tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuelle kaianlegg. I dette ligg det òg eit behov for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål.

Verknadar av planframlegget for farlei og ferdsl skal omtalast i planframlegget.



Figur 12 Farlei og farleisareal i området til venstre (Yggdrasil), og skipstrafikk 2016 til høgre (Kystinfo)

4.9 Teknisk infrastruktur

Deler av E39 og fv. 545 er inkludert i planområdet. E39 har ei trafikkmengd på 3.466 (14 % del lange køyretøy) sør for krysset til Fitjar (fv. 545 Sandvikvågvegen), og 2.951 (16 % del lange køyretøy) nord for krysset – mot ferjekaien på Sandvikvåg. Det er ikkje etablert fortau innanfor planområdet, anna enn dei tilknytt ferjekaiområdet. Det ligg busstopp ved ferjekaien, samt like vest for planområdet, begge med god kollektivdekning. Det er registrert trafikkulukker ved krysset mellom E39 og fv. 545 (påkøyring bak i frå og utforkøyringar). Planframlegget vil legge til rette for næringsaktivitet med tilhøyrande trafikk til og frå området. Det skal etablerast avkøyring frå E39 til næringsområdet.

I planprosessen skal ein sjå nærare på trafiksikkerheita i planområdet og i tilgrensande område, samt forventade trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmonster, parkeringsdekning og -behov og framkomst for ulike trafikantgrupper.


Det er ikkje offentleg vatn eller avløp i området. Kommunen skal i 2024-25 etablere ny vassleidning (8 bar) i sjø til området i frå Årskog. Forhold til kapasitet og uttakspunkt for sløkkevatn skal omtalast i planarbeidet. Prinsipløysingar for vatn, avløp og overvatn skal omtalast i planframlegget, og VA-anlegg skal planleggast etter kommunen si VA-norm.

4.10 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Fitjar kommune skal òg nyttast.

Det er raud- og gul støysone knytt til E39 i området. I Miljøstatus er det ikkje registrert forureina grunn. NVE Atlas syner at området ikkje ligg innanfor flaum- eller skredfarsone, eller aktsemdsområde for flaum, skred, jord- og flaumskred. Det er synt aktsemdsområder for steinsprang og snøskred, samt stormflo. Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti, eller kvikkleire i området. Området er omfatta av aktsemdsområde for kvikkleire. Det går ingen bekkar eller vassdrag i området.

Arealet ligg under marin grense og det kan vera fare for områdeskred/kvikkleire i området. Området er difor omfatta av aktsemdsområde for kvikkleire. Lausmassekartet syner bart fjell i området. I følgje liste over lausmassestypar mot. sannsyn for marin leire, er marin leire stort sett fråverande i denne lausmassestypen.



Figur 13 Utsnitt aktsemdskart. NVE Atlas

Sentrale tema i ROS-analysen vil vera tilhøve for trafikk, trafikktryggleik, støy, skred, forureining i grunn/sjø, auka vasstand og grunntilhøve. ROS-arbeidet og konsekvensutgreinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gonger i reguleringsplanen.

Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkeisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen.

5 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

5.1 Alternativ som skal utgreiast

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, her medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnjevast.

Store deler av området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan, og det er såleis allereie gjort ei vurdering av alternativ lokalisering på kommunalt nivå i overordna plan. Alternative utbyggingsalternativ/utformingar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen. Ein vil gjennomføre eit silingsarbeid av utbyggingsalternativa når ein har auka kunnskapsgrunnlaget mellom anna kring naturmangfald i sjø og på land, skredfare, tilkomst m.v. og inngrep utover dagens situasjon.

0-alternativet: Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande kommuneplan.

Planalternativ: Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for næringsverksemd i området avsett til næring i gjeldande kommuneplan, samt ei utviding av næringsområdet. Det er lagt til grunn at planarbeidet ikkje vil utgreie alternative lokaliseringar i Fitjar kommune, då området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan. Alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er naturleg å gjennomføre for:

- a) Utvikling av næringsområde i tråd med KPA, utan tilkomst til kai med bakareal
- b) Vidareutvikling av næringsområdet, som skissert i dette planprogrammet

Planområdet er relativt stort, og det er naturleg å sjå på fleire utformingar av planområdet i ein skisse-/planleggingsfase. Utstrekning av næringsføremålet, storleik på utfylling i sjø, terrassering av området, vegframføring og kryssløysing til fylkesvegen er faktorar som skal vurderast.

5.2 Utgreiingstema og -metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det skal i tillegg gjennomførast utgreiing og kartlegging av støy, naturmangfald (i sjø og på land), samt ras og områdestabilitet.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken skildra i Statens Vegvesen si handbok V712, Konsekvensanalyser. For tema som gjeld klima og miljø skal Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2021) i hovudsak nyttast som metode for konsekvensutgreiinga.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Dette vil bli skildra i planframlegget. Konsekvensane som er utgreidd for ulike tiltak skal oppsummerast og samanstillast.

Planlagde utgreiingstema i konsekvensutgreiinga:

Tema	Moglege verknader/utgreiingsbehov	Kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)
Næringsutvikling og samfunnsverknadar	Nye sjøtilknytte næringsareal gir høve til etablering for mange næringsaktørar.	Informasjon frå næringsaktørar i området, Fitjar kommune, tiltakshavar, innspel til oppstart av planarbeidet m.m. Grøn region Vestland, rapport 2021 Grøn region Sunnhordland, rapport 2021
Strandsone og friluftsliv, inkludert barn og unge	Verknad av dei planlagde tiltaka på friluftsliv og tilgjenge til området, knytt til både land og sjø. Verknader for folkehelse, inkludert barn og unge.	Fylkesatlas.no Kommuneplan for Fitjar Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 - 2020
Landskap	Utbygginga sin visuelle verknad på landskapet. Verknader for naboar og nærområde. Nær – og fjernverknader	Kommuneplan for Fitjar Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011 3D-illustrasjonar (2022)
Naturmangfald	Stette krava i naturmangfaldlova; Verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø.	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Viltet på Stord, rapport 2004 Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet Kartlegging av naturmangfald (2022)
Naturressursar	Verknader for dyrka mark på land, og fiskeområde i sjø	AR5 – kart Landbruksplan for Stord – Fitjar Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet
Kulturminne og -miljø	Visuelle verknader i høve registrerte kulturminne og SEFRAX-registrerte bygg.	Askeladden Kulturminneplan 2015 – 2025
Forureining	Verknadar av forureining, inkl. støy, i byggefase og i driftsfase	Informasjon frå grunneigarar og interessentar i området. Støyutgreiing (2022) T-1442
Teknisk infrastruktur	Verknad for trafikk og transport, tilkomst i frå E39	Kommuneplanen sin arealdel Handbok N100

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord
Besøksadr.: Torgbakken 9
poststord@abo-ark.no